

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 18. november 2013
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: *ogh@kontrollutvalgene.no*

Ved forfall blir vara medlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 17/13 og 18/13

SAKLISTE:

16/13 Godkjenning av protokoll frå møte 30.09.13

17/13 Referat- og orienteringssaker 18.11.13

18/13 Orientering om budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017

19/13 Forvaltningsrevisjonsrapport - Målstyring

20/13 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Ymse

Aksdal, 11.11.13

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(invitert i sak 17/13 og 18/13)
Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	18.11.13	16/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 30.09.13.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 30.09.13


Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 30.09.13 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 30.09.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 11.11.13



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **30. september 2013** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 14.30
MØTANDE MEDLEMER:	Lars Ebne (Krf), Ståle Tungesvik(Sp), Ivan Kaldheim (H) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Trude Enge (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Nils Ramsvik (1.vara)
IKKJE MØTT:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Willy Hauge - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.05.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 13.05.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 30.09.13:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.09.13:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 13.05.13 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.09.13

17. Statusrapport pr. september 2013
18. Rekneskapsrapport pr. september 2013 – kontroll og tilsyn
19. Kommunestyrevedtak 18.06.13, sak 039/13 – rapport Øyane Asvo as
20. FKT-konferansen 2014 i Haugesund, på Rica Maritim
21. Endring av ansvarleg rekneskapsrevisor
22. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
23. Kommunebarometeret – tabell 2013
24. Handbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (eige hefte)
25. Haustkonferansen i Sandnes - 7. november 2013

Handsaming i kontrollutvalet 30.09.13:

Sekretær gjorde greie for referatsakene og orienterte om haustkonferansen i Sandnes (pkt. 25). Invitasjon var sendt ut i særskilt e-post. Leiar samordnar påmelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.09.13:

Kontrollutvalet tek referatsakene 17 - 25 til orientering.

SAK 12/13 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2013

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 30.09.13:

Revisor gjorde greie for erklæringa. Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.09.13:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge – KPMG AS, til orientering.

SAK 13/13 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2013 (Ikkje offentleg)

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 30.09.13:

Revisor gjorde greie for planen. Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs, elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.09.13:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering

SAK 14/13 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Etne kommune for 2014 med ei totalramme på kr 609 000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	85 000
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	147 000
Kjøp av revisjonstjenester	Kr	376 000

Handsaming i kontrollutvalet 30.09.13:

Sekretær gjorde greie for framlegget. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.09.13:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Etne kommune for 2014 med ei totalramme på kr 609 000, som fordel seg slik:

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>85 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>147 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>376 000</i>

SAK 15/13 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2014**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2014:

MØTE	TIDSPUNKT
Måndag 10. februar	Kl. 13.00
Måndag 12. mai	Kl. 13.00
Måndag 22. september	Kl. 13.00
Måndag 10. november	Kl. 13.00

Handsaming i kontrollutvalet 30.09.13:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.09.13:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2014:

<i>MØTE</i>	<i>TIDSPUNKT</i>
<i>Måndag 10. februar</i>	<i>Kl. 13.00</i>
<i>Måndag 12. mai</i>	<i>Kl. 13.00</i>
<i>Måndag 22. september</i>	<i>Kl. 13.00</i>
<i>Måndag 10. november</i>	<i>Kl. 13.00</i>

EVENTUELT:

Etiske retningslinjer

I samanheng med at utvalet hadde fått utdelt heftet Handbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (sak 11/13) drøfta medlemmene korleis dei kunne følgja opp dette vidare. Utvalet vart samd om å be rådmannen gje ei orientering på neste møte om kommunen sine etiske retningslinjer og korleis desse retningslinjene blir følgde opp.

Neste møte: måndag 18. november 2013, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 30. september 2013

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	18.11.13	17/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.11.13**Saksvedlegg:**

- 26. Orientering om kommunen sine etiske retningslinjer v/rådmannen
- 27. Statusrapport pr. november 2013
- 28. Orientering frå haustkonferansen i Sandnes 7. november
- 29. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 5-6 februar 2014
- 30. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
- 31. Kontrollutvalets ansvar og oppgaver

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 26 - 31 vert tatt til orientering.

Aksdal, 11.11.13



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL**SÆRUTSKRIFT**

Måndag 30. september 2013 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 14.30
MØTANDE MEDLEMER:	Lars Ebne (Krf), Ståle Tungesvik(Sp), Ivan Kaldheim (H) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Trude Enge (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Nils Ramsvik (1.vara)
IKKJE MØTT:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Willy Hauge - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAK BLEI HANDSAMA:**EVENTUELT:**Etiske retningslinjer

I samanheng med at utvalet hadde fått utdelt heftet Handbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (sak 11/13) drøfta medlemmene korleis dei kunne følgja opp dette vidare. Utvalet vart samd om å be rådmannen gje ei orientering på neste møte om kommunen sine etiske retningslinjer og korleis desse retningslinjene blir følgde opp.

Rett utskrift:

Odd Gunnar Høie (sign.)



Statusoversikt november 2013 – Kontrollutvalet i Etne

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Strategi, målstyring og internkontroll	13.05.13	150 timar	Klar for handsaming i KU	18.11.13	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Øyane Asvo AS	26.11.12	13.05.13	K-st 18.06.13	31.12.13	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter i 2012/2013

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	26.06.12	26.11.12	K-st 26.02.13		
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		26.11.12	Kst		Brev frå styret
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	K-st 30.10.12		
Andre saker					

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2013

Quality Hotel Residence, Sandnes

7. november 2013

PROGRAM

- 10:00 **Velkommen**
Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget
- 10:05 **Tilsyn – fylkesmannens rolle, samordning og utfordringer**
Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator- Fylkesmannen i Rogaland
- 10:30 Pause
- 10:45 **Samfunnssikkerhet og beredskap – kommunenes ansvar**
Reidar Johnsen fylkesberedskapssjef og Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator - Fylkesmannen i Rogaland
- 11:30 Pause
- 11:45 **Høringer**
Wencke S. Olsen, daglig leder Rogaland Kontrollutvalgssekretariat
- 12:20 **Årsmøte 2013 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland**
- 12:30 **Lunsj**
- 13:30 **NAV i kommunene - samhandling, styring, ansvar og oppgaver**
Erik Baust, NAV leder Sauda
- 14:15 Pause
- 14:30 **Rogaland – et korrupsjonssparadis?**
Pål Jæger-Pedersen, advokat PwC og Knut Erik Friis, partner PwC
- 15:15 **Avslutning**

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **23. oktober** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

10

Den 10. konferansen

NKRFS Kontrollutvalgskonferanse

5-6 februar 2014

Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen

Velkommen til kontrollutvalgs- konferanse

2014



Følg konferansen
på Twitter:
#ku14nkrf



Norges Kommunerevisorforbund

- på vakt for fellesskapets verdier



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Norges Kommunerevisorforbund
Postboks 1417 Vika
0115 OSLO

Deres ref.

Vår ref.
13/1561-2

Dato
20.9.2013

Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar fra departementet

Innledning

Vi viser til henvendelse fra Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) av 5. juni 2013 med en kopi av korrespondanse mellom NKRF og Kontrollutvalgssekretariatet Midt-Norge IKS vedrørende spørsmål om habilitet i aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS). Det stilles to spørsmål:

- 1) Er et styremedlem eller medlem av bedriftsforsamlingen i et AS inhabil til å treffe avgjørelser i generalforsamlingen som representant for en eierkommune?
- 2) Er et styremedlem i et IKS inhabil til å treffe avgjørelser i selskapets representantskap som representant for en eierkommune?

Vår vurdering tar utgangspunkt i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjeloven) og lov 29. januar 1999 nr. 06 om interkommunale selskaper (IKS-loven).

Aksjeloven

Aksjeloven § 5-1 første ledd uttrykker at generalforsamlingen er selskapets øverste myndighet. Det er generalforsamlingens medlemmer som velger "[m]edlemmene av styret", jf. § 6-3 første ledd første setning. Verken §§ 5-1, 6-3 eller øvrige bestemmelser i aksjeloven forbyr medlemmer av generalforsamlingen å velges til selskapets styre.

I aksjeselskaper med flere enn 200 ansatte er utgangspunktet at det skal velges en bedriftsforsamling, jf. § 6-35 første ledd første setning, med nærmere henvisning til bestemmelsene om bedriftsforsamling i lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven) som også gjelder for aksjeselskaper.

Allmennaksjeloven § 6-35 tredje ledd første setning sier at "[t]o tredeler av bedriftsforsamlingens medlemmer med varamedlemmer velges av generalforsamlingen." Verken det siterte eller øvrige bestemmelser i allmennaksjeloven forbyr å kombinere verv i generalforsamlingen med verv i bedriftsforsamlingen.

Det foreligger altså ikke et forbud etter aksjeloven mot at medlemmer av generalforsamlingen også sitter i selskapets styre, alternativt i bedriftsforsamlingen. Aksjeloven er følgelig ikke til hinder for at et medlem av styret/bedriftsforsamlingen i et aksjeselskap kan stemme i generalforsamlingen som representant på vegne av en eierkommune.

Vi gjør for øvrig oppmerksom på at aksjeloven og allmennaksjeloven begge ligger under Justis- og beredskapsdepartementets ansvarsområde.

IKS-loven

IKS-loven § 6 første ledd første setning krever et representantskap i ethvert IKS. Lovens § 7 første ledd første setning sier at "[d]eltakerne [i IKSet] utøver sin myndighet i selskapet gjennom representantskapet" i tillegg til å slå fast at "[r]epresentantskapet er selskapets øverste myndighet[...]" . Det er den enkelte deltaker som velger sin(e) representant(er), jf. § 6 første ledd andre setning.

Interkommunale selskaper skal ha et styre, jf. § 10 første ledd første setning, og det er i utgangspunktet "*representantskapet*" som velger styremedlemmene, jf. annet ledd første setning. Når det gjelder hvem som kan sitte i styret, sier fjerde ledd at verken "[d]aglig leder eller representantskapsmedlem kan" være medlem av styret. Lovens ordlyd forbyr dermed en rollekombinasjon som for tilsvarende verv er tillatt etter aksjeloven.

Etter IKS-loven er det dermed ikke en adgang til å kombinere rollen som medlem av representantskapet med vervet som styremedlem. Vi nevner for ordens skyld at IKS ikke har bedriftsforsamling.

Med bakgrunn i det som er sagt over, vil rollekombinasjonene kontrollutvalgssekretariatet Midt-Norge IKS spør om, være tillatt etter aksjeloven, men ikke etter IKS-loven. Det må så vurderes om det er annet lovverk som eventuelt i praksis hindrer den aktuelle rollekombinasjon i et aksjeselskap, for eksempel gjennom regler om inhabilitet.

Forvaltningsloven og aksjeselskap

Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kommer til anvendelse på "*den virksomhet som drives av forvaltningsorganer når ikke annet er bestemt i eller i medhold av lov.*" jf. § 1 første setning. Med "*forvaltningsorgan*" menes "*et hvert organ for stat eller kommune. Privat rettssubjekt regnes som forvaltningsorgan i saker hvor det treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrift.*" jf. § 1 andre og tredje setning.

For at loven skal gjelde for et aksjeselskap, må selskapet derfor regnes som et "*organ for stat eller kommune*".

"[O]rgan for stat eller kommune" favner etter sin ordlyd bredt. Begrepet avgrenses likevel mot siste setning i § 1 som motsetningsvis sier at private rettssubjekter ikke er "*forvaltningsorgan*" med mindre det treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrift. Dette tilsier at aksjeselskaper som fullt ut er privat eid og ikke utøver nevnte myndighet, faller utenfor lovens virkeområde. Spørsmålet blir om det samme gjelder for aksjeselskaper som er helt eller i hvert fall delvis eid av det offentlige.

Teorien har sagt om dette at "[u]tgangspunktet er [...] at bedrifter som driver vanlig næringsvirksomhet, faller utenfor selv om de helt eller delvis eies av stat eller kommune. Helt klart er dette når staten eller en kommune) bare har en knapp aksjemajoritet. Men det samme må nok gjelde når staten har alle aksjene. En bedrift eller institusjon vil imidlertid kunne bli ansett som "*organ for stat eller kommune*", selv om den er eget rettssubjekt og driver forretningsmessig virksomhet. Ved bedømmelsen må det bl.a. legges vekt på virksomhetens art, særlig om den er kombinert med en viss utøvelse av offentlig myndighet, på hvor sterk organisatorisk tilknytning den har til stat eller kommune, om den har monopol og om den tjener som redskap for offentlig politikk."¹

Hovedregelen etter forvaltningsloven er dermed at forvaltningsloven ikke gjelder aksjeselskaper som driver alminnelig næringsvirksomhet, selv om disse er helt eller delvis kommunalt eid. Det kan likevel ikke utelukkes tilfeller hvor et aksjeselskap har en så sterk tilknytning til det offentlige at det likevel omfattes av forvaltningslovens bestemmelser.

I de tilfellene hvor forvaltningsloven kommer til anvendelse på aksjeselskapers virksomhet, vil følgelig lovens kapittel II om inhabilitet i prinsippet gjelde. Vi går ikke nærmere inn på dette, men viser til Kommunal- og regionaldepartementets veileder "*Habilitet i kommuner og fylkeskommuner*"², som redegjør nærmere for reglene.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Jahr Hopperstad
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

¹ Eckhoff/Smith 9. utgave s. 214.

² Habilitet i kommuner og fylkeskommuner, Om inhabilitetsreglene i forvaltningsloven og kommuneloven, Publikasjonskode: H-2266.

KONTROLLUTVALGETS ANSVAR OG OPPGAVER:

Kontrollutvalgets oppgaver framgår av kapittel 3 - 6 i forskriften, og kan i hovedsak listes opp slik:

§ 4 Tilsyn og kontroll:

- Føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

§ 6 Regnskapsrevisjon:

- Påse at kommunens årsregnskap og kommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte.
- Holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at det foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

§ 7 Uttalelse til årsregnskapet:

- Avgi uttalelse til kommunestyret om årsregnskapet.

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader:

- Påse at forhold i årsregnskapet som revisor måtte ha påpekt blir fulgt opp.
- Rapportere om eventuelle tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er fulgt opp på en tilfredsstillende måte.
- Rapportere til kommunestyret om hvordan kommunestyrets merknader er blitt fulgt opp.

§ 9 Forvaltningsrevisjon:

- Påse at kommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i kapittel 5.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon:

- Minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.
- Få gjennomført en overordnet analyse av kommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger som grunnlag for ovenfor nevnte plan.

§ 11 Rapporter om forvaltningsrevisjon:

- Rapportere til kommunestyret om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført med utgangspunkt i planen, og om resultatene av disse.

§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter:

- Påse at kommunestyrets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon blir fulgt opp.
- Rapportere til kommunestyret om hvordan eventuelle merknader til rapporter er blitt fulgt opp.
- Rapportere til kommunestyre om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

§ 13 Selskapskontroll:

- Påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper.
- Minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommune styret er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.
- Avgjøre hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.

§ 14 Selskapskontrollens innhold:

- Påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll.
- Kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).

§ 15 Rapportering av selskapskontrollen:

- Fastsette hvordan utført selskapskontroll skal rapporteres til utvalget, herunder hvilket innhold rapporten skal ha.
- Rapportere til kommunestyret om hvilke kontroller som er gjennomført, samt om resultatene av disse.

§ 16 Valg av revisjonsordning/ valg av revisor:

- Innstille overfor kommunestyret ved valg av revisjonsordning/valg av revisor.
(Ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor.)
- Innstille overfor kommunestyret dersom dette vedtar å konkurranseutsette hele eller deler av revisjonen.

§ 17 Saker om ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjedigelse:

- Der det er egen revisjon i kommunen, avgir kontrollutvalget innstilling til kommunestyret i saker om ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjed av ansvarlig revisor.
- Der det er egen revisjon i kommunen, foretar kontrollutvalget ansettelse, suspensjon, oppsigelse og avskjedigelse av revisjonens øvrige personale når slik myndighet ikke er delegert til revisor.

§ 18 Budsjettbehandlingen:

- Utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	18.11.13	18/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-2017

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følge med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legger fram sitt forslag til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017:

Budsjettframlegg for 2014 og økonomiplan 2014-2017 er lagt ut på kommunen sin nettside www.etne.kommune.no eller kan hentast på rådhuset.


Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama i kommunestyremøte i desember.

Rådmannen vil gjere greie for budsjettet og økonomiplanen i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar Etne kommune sitt forslag til budsjett for 2014 og økonomiplan 2014-2017 til orientering.

Aksdal, 11.11.13



Odd Gunnar Høie
Rådgjever/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.11.13	19/13
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

MÅLSTYRING - RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON

Saksvedlegg: **Målstyring** - rapport frå forvaltningsrevisjon i Etne kommune – utarbeida av KPMG AS

Bakgrunn:

I Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for Etne kommune var revisjon av «Strategi, målstyring og internkontroll» eit av dei områda som fekk høgast prioritet.

Kontrollutvalet starta våren 2013 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. Utvalet gjorde på møte i februar vedtak om at revisor skulle utarbeida ein prosjektplan.

I møte 13.05.13 blei prosjektplanen framlagd og utvalet gjorde følgjande vedtak i sak 09/13:

*Kontrollutvalet i Etne tingar ein forvaltningsrevisjon av Strategi, målstyring og internkontroll i Etne kommune i fylgje vedlagde prosjektplan frå KPMG.
Ramma vert sett til 150 timar.*

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet.

Rapporten har vore på høyring til rådmannen. Han meiner rapporten gjev ein grei oversikt over utviklingstrekk og problemstillingar knytt til utviklinga av målstyringssystemet. Rådmannen peikar på at kommunen ønsker å ha eit enkelt system som ein kan følgja opp sjølv. Det har tatt noko tid å få eit system på plass, noko ein vil jobbe vidare med. Samtidig påpeikar rådmannen at det er vegen fram til eit ferdig system som ofte gjev den beste læringseffekten.

Mandat:

Utvalet bad revisor sjå nærare på desse problemstillingane:

- *Kva målstyringssystem har kommunen?*
– *Skildring av målstyringssystemet til kommunen; strategiar, mål, tiltak, ansvar for iverksetting av tiltak, rapportering mv.*
- *I kva grad er målstyringssystemet sett i verk i kommunen; på strategisk og operativt nivå?*
- *Kva er årsaker til eventuelle manglar ved iverksetting av målstyringssystemet?*

Den fyrste problemstillinga inneber ei kartlegging og skildring av målstyringssystemet. Dei to siste problemstillingane inneber ei vurdering av om krav til utvikling og iverksetting av målstyringssystemet er fylgt, og vurderingar av kva som eventuelt er årsaker dersom krava ikkje er fylgt.

Saksutgreiing:

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Her kjem også revisor sine tilrådingar fram. Føremål, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Fakta vert gjort greie for i kapittel 2. Revisjonen sine tilrådingar følgjer i rapportens kapittel 3. Uttale frå rådmannen er teke inn i kapittel 4. I vedlegget følgjer ei dokumentliste.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- 1. Einingane bør adressere utfordringane som dei opplever med strategikartet på leiarforum og initiere avklaringar i forhold til forslag til løysingar på utfordringane. Løysingar kan forankrast i leiarforum og dokumenterast i referat frå møte.*
- 2. Kommunen bør vurdere å endre måten kommunen arbeider på med utvikling og iverksetting av målstyringssystemet. Kommunen bør vurdere å organisere arbeidet som eit prosjekt i linja og eventuelt med bistand frå ein ekstern prosjektleiar.*

Revisor har gitt ei utdjuping av tilråding nr. 2 i rapporten.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalget ber kommunestyret gjera vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar. Rådmannen har kommentert at administrasjonen vil jobbe vidare med målstyringssystemet og innarbeiding av dette.

Kontrollutvalet er pålagd en oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til rapporten jf. Kontrollutvalgsforskrifta § 12, slik at Etne kommune blir bedt om å gje ei tilbakemelding på vidare arbeid om cirka eit halvt år etter vedtak i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saken. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 11.11.13



Odd Gunnar Høie

Rådgjever/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	18.11.13	20/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2014

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å byrja med i 2014, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på neste møte.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon kan bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2015 blei vedteken av kontrollutvalet hausten 2012. Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i den nye planen:

- IKT
- Strategi, målstyring og internkontroll
- Trafikksikring rundt skulane
- Investeringar
- Planarbeid

Rapport frå revisjon av prosjektet «Strategi, målstyring og internkontroll» er ferdig og blir handsama i møte 18.11.13.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

Framlegg til prosjektmandat vil bli handsama på neste møte, då endeleg bestilling kan gjerast.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte.

Aksdal, 11.11.13



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær